

## Når uvitskap rådar

Av Helene H. Sæle, tidl. barne- og ungdomskonsulent i Bergen Døvesenter og Jannicke Kvitvær, tidl. leiar av Norges Døveforbunds Ungdom

Me har med uro fulgt debatten som har oppstått i kjølvatnet av tilsettinga av den nye avdelingsleiaren ved den teiknspråklege avdelinga på nye Nattland skule. Begge er språkleg og kulturelt døve, og sitt på erfaring frå arbeid med døve og hørselshemma ungdom både lokalt og nasjonalt.

I BT laurdag 22. mars har rektor ved Nattland skule ein kronikk der han forsøker å vise at han veit korleis det er å vere døv i eit hørande samfunn. Dette gjer han ved å skriva under den stigmatiserande tittelen "Et liv uten språk". I denne kronikken overser rektor Ole Henry Halleraker glatt sjølve kjerna i debatten – tilsetjinga av ein ikkje-teiknspråkleg leiar i ei spisskompetent teiknspråkleg avdeling – og greier heller ut om kor mykje han forstår døve.

Det verkar ganske påfallande at rektor ikkje er heilt kjent med teiknspråk og døvekultur når han omtalar teiknspråk som fullverdig språk i same tekst som han kallar døve barn av hørande foreldre som "mennesker uten språk" som vert "lukket inne i seg selv og utesperret fra fellesskapet". Om det er dette synet Halleraker har på døve og hørselshemma som gruppe, er det både uroande og provoserande.

Først og fremst: Dei færreste døve og hørselshemma ser seg sjølv som "hemma" på noko vis, og i allefall ikkje "hørselsskadde" som rektor så fint kalla det. Me ser oss sjølve som kommunikasjonshindra – for det er ikkje oss det er noko gale med. Samfunnet utestengjer oss gjennom meir eller mindre bevisste val om å la vere å inkludera.

Dette synet ligg så sterkt i oss at det er ein del av vår identitet. Når Nattland skule så vel å tilsetje ein person utan kompetanse om dette – når det tilsynelatande var kompetente kandidatar - veit me ikkje om det skal tolkast som arroganse eller uttrykk for uvitskap.

Sjølvsagt vil enkelte barn oppleve innelukking og utestenging jf. Halleraker, men vårt inntrykk er at dette heller skuldast manglande kunnskap hjå rollemodellar utanfor familien heller enn at hørande foreldre er skulda. Tospråklegheit på alle område ved oppveksten er nøkkelen til at barnet skal verte ein delaktig samfunnsborgar.

Denne debatten har fått oss og fleire til å undrast: Kvifor kunne ein ikkje tilsett ein teiknspråkleg sterk kandidat med kunnskap om døvekultur og -historie, og heller gje denne moglegheit til å ta att manglande leiarkompetanse på deltid?

Kvifor er det ein tilsynelatande automatikk i at det er teiknspråk som skal tileignast etter tilsetjing? Den nytilsette avdelingsleiaren skal no på under eit år læra seg

teiknspråk på deltidskurs, medan det tek teiknspråkstudentar med vanleg progresjon tre år og ein bachelorgrad å læra kommunisera greitt på teiknspråk.

Noko me finn skremmande(og provoserande) er at innan eit par år skal den nyttilsette avdelingsleiaren undervise døve barn på deira morsmål, utan i det heile tatt å ha fått moglegheit til å beherske dette godt nok! Kvifor skal døve og hørselshemma elevar risikera å få ein skulegang der dei må undervise læraren i teiknspråk, eller tolke for dei andre elevane når dei sjølv er på skulen for å læra det faglege? Det fins nok av døme på at dette har hendt tidlegare. For å inkludera barn skal ein utøva barnet sitt eige språk, ikkje omvendt. Barn skal ikkje måtta inkludera seg sjølv ved å tilpassa språket sitt til ein vaksen.

Me er sikre på at Nattland skule har flott personale og føresetnad for eit bra pedagogisk miljø. Men når rektor påstår at det er nok å kunna "kommunisere (...) på et enkelt plan" med døve barn og tilsette viser han utmerka godt at han ikkje forstår den unike verdien av kompetanse i teiknspråk, døvekultur og -historie.

For å skapa sterke døve unge treng ein leiarar og språklege førebilete med felles kultur og historie. For å skapa utestengde tilsette og undertrykte barn utan språkstoltheit trengs det berre å kunna kommunisera på eit "enklare nivå".